

**Notat**

Dato: 16.05.2018  
Arkivsak: 2017/888-4  
Saksbehandlar: torslin

---

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Nominasjon av utvald kandidat frå Hordaland til Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen 2018**

Meldinga gjeld orientering om val av kandidat frå Hordaland til den Nasjonale Kulturlandskapsprisen for 2018.

Kulturlandskapsgruppa i Hordaland er jury for den regionale Kulturlandskapsprisen for Hordaland, som er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Kvart år blir kommunar, faglag og rådgjevingstenesta invitert til å fremje forslag til kandidatar i høve til årlege utlyste tema. Vinnaren går vidare til å bli kandidat for den nasjonale prisen påfølgjande år.

I 2017 kom det diverre ikkje inn godt nok kvalifiserte forslag til juryen. I slike høve kan Kulturlandskapsgruppa anten sjølv finne verdige kandidatar til prisen, eller la vere å kåre ein prisvinnar, og med bakgrunn i hovudmålsettinga til prisen sjølv fremje ein kandidat til den nasjonale tevlinga.

Det blei ikkje kåra ein vinnar av Kulturlandskapsprisen for Hordaland i 2017, og med initiativ frå Landbruksavdelinga til Fylkesmannen i Hordaland, har ein valt å fremje **Lyngheisenteret og bøndene på Lygra** som kandidat frå Hordaland til Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen for 2018. Grunngevinga er gjort greie for i vedlagte skjema.

### Vedlegg

1 Grunngeving av kandidat til Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen 2018